

## **Referat frå foreldremøte for 3. og 4. klasse tysdag 22.09.16**

7 heimar var representert på møtet ( trur eg)

### **Sak 1. Klassemiljø**

Klassen er fin, elevane er greie med kvarandre, sjølv om det er småting å ordne opp i av og til. Klassestyrar prøver å ta tak i eventuelle saker som kjem opp der og då. Då tek ho gjerne ein samtale med dei det gjeld på benken utanfor klasserommet. Er det meir alvorlege ting blir foreldra informert.

Det vart diskutert kva som kan gjerast på fritida og kva foreldra kan bidra med for å styrkja samhaldet og trivselen mellom elevane. Forslag som kom opp var blant anna felles tur til gapahuken på Hokle (gjerne med grilling), eller felles akedagar om me får snø til vinteren. Alle foreldreheimane har eit ansvar for at alle elevane blir inkludert.

Vart og nemt at foreldra må gå føre som godt eksempel for borna sine i måten ein snakkar om andre på. Dette gjeld også når ein snakkar om skulen. Framsnakking.

### **Sak 2. Systematisk arbeid med sosial kompetanse**

På skulen arbeider kassane systematisk med ulike opplegg for at dei skal vera ein zero-skule. I 3. og 4.klasse følger dei noko som heiter "steg for steg". Dette for å betra elevane sin sosiale kompetanse. Då får dei hjelp til å utvikle empati og å læra ulike strategiar for problemløysing. Det blir gjerne brukt rollespel i dette arbeidet. Det synes elevane er kjekt.

Foreldregruppa kom med ønske om at desse timane ikkje blir lagt til siste undervisningstime for dagen. Dette i tilfelle det har komme opp noko som er vanskelig, eller om elevane har ting dei vil spørje klassestyrar om rett i etterkant av timen.

### **Sak 3. Forventningar- heim-skule og omvendt**

#### Frå heimane til skulen;

- at borna blir sett
- tilrettelagt arbeid for det nivået dei er på
- Rettferdighet

#### Frå skulen til heimane;

- Oppfølging med lekser
- snakka positivt om skulen

Me snakka om kor viktig det er med god kommunikasjon begge vegar, slik at ein unngår eventuelle mistydingar. Er det noko ein lurer på eller vil seia, er det berre å ta ein telefon til skulen og klassestyrar.

### **Sak 4. Visma og It's learning**

Klassestyrar gjekk gjennom korleis me kan gå innpå nettet og til Visma for å lesa blant anna vurdering av eleven. Vidare gjekk ho gjennom It's learning for å visa kva informasjon frå skulen som blir lagt der og korleis ein skal finna fram.

### **Sak 5. Symjing**

Me brukte litt tid på å diskutera symjeundervisninga. I år er det berre åtte gonger dei får i Radøyhallen. Det er store krav til symjekunnskapar i fagplanen, så klassestyrar oppfordra alle til å ta borna med i symjehallen på fritida.

### **Sak 5. Aktivitetsplan**

Me gjekk gjennom klassen sin aktivitetsplan/samarbeidsplan for dette skuleåret.

Mvh Marit Ystebø